



Gil Edwards i aksjon i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så har han vore på Dønhaug att, fyrverkeriet av ein trubadur frå Oregon i USA, men busett i Noreg gjennom dei siste 24 åra. "Basen" hans er på Ellingsøy ved Ålesund.

Gil Edwards (55) hadde diverre berre eit fåtal tilhøyrarar på fredagskvelden, men det vart likevel ei triveleg stund fordi Gil også er svært flink til å pleia det som kallast publikumskontakt. Her er det ingen barriere mellom artisten og dei han opptrer for. Laurdagskvelden var rundt rekna 40 innom Dønhaugkjedlaren og dei hadde ei stor stund. Men lokalet burde ha vore sprengfullt!

Atter ein gong imponerte Gil med eit utruleg stort repertoar. Ein trubadur kan nesten ikkje vera meir allsidig og det er ikkje lett å setja nokon musikalsk merkelapp på mannen. I vaskesedlane står det at han opererer innan roots/rock med innslag av country og blues.

.Og apropos publikumskontakt: Konserten fekk etterkvart karakter av reine ønsjekonserten. Det er truleg ikkje mogeleg å få Gil til å slå ut med hendene og seia: Diverre!

Gil har ein fengjande måte å syngja på og med omsyn til gitarspelet er det prega av ein utruleg presisjon. Han held det gåande med rundt 200 konsertar i året og sjølv om han laurdag presenterte nesten berre populære låtar laga av andre har han og gjeve ut mykje eige materiale både her og i Danmark. Ei ny plate er no like rundt hjørnet. Den siste CD-en hans, som heitte "Mayday Situation", kom ut for to år sidan.

Men heller ikkje Gil har kome lett til sin noverande posisjon som ein av dei mest populære trubadurane i landet. Han hadde med seg berre nokre få egedelar til Noreg og levde i starten nærmast som uteliggjar i Oslo. Men etterkvart kom han med i bandet til Marius Müller og seinare har han hatt aukande vind i segla.

Av Ola Matti Mathisen